

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest
DATO: 04.04.2016
SAKSHANDSAMAR: Hilde Christiansen
SAKA GJELD: **Regionalt utdanningscenter, spesialistutdanning for legar**

ARKIVSAK: 2014/300
STYRESAK: **065/16**

STYREMØTE: **04.05.2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

I den nye spesialistutdanninga for legar vil mange av dei oppgåvene som tidligare har vore utført av Legeforeininga no overførast til helseføretaka. I den forbindelse skal det etablerast eit regionalt utdanningscenter i kvar av dei fire regionane. Senteret for føretaksgruppa Helse Vest vil bli lagt til Helse Bergen i tråd med styringsdokumentet for 2016.

Senteret vil i hovudsak ha ansvar for å utvikle, gjennomføre og kvalitetssikre dei læringsaktivitetane som legar i spesialisering treng for å nå dei fastsette læringsmåla. Arbeidsprosessane som inngår i dette er under utgreiing i regi av eit tverregionalt prosjekt som skal sikre ein nasjonal samordna spesialistutdanning.

Arbeidet med å etablere regionalt utdanningscenter i Helse Vest er prosjektorganisert og planlegginga av senteret vil skje parallelt med at det tverregionale prosjektet arbeider ut sine anbefalingar.

Helseføretaka i Helse Vest har lange og gode tradisjonar med utdanning av legar. Helse Vest har gjennom langsiktig arbeid utvikla verktøy (Kompetanseportal og Læringsportal) som støtter opp om utdanning og opplæringsprosesser i regionen, og desse vil vere svært viktige for å sikre heilskaplege utdanningsløp for legar i regionen.

Fakta

Bakgrunn

Det er starta ein nasjonal revisjonsprosess av utdanninga for legar i spesialisering (LIS). Det overordna målet er å sikre framtidige behov for legespesialistkompetanse.

Revisjonen inneber endringar i rolle- og ansvarsfordelinga mellom Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), Helsedirektoratet (Hdir), dei regionale helseføretaka (RHF), helseføretaka (HF) og Legeforeininga (DNLF), sjå vedlagte mandat med referansar til rolle og ansvarsdeling. I tillegg er relevante forskrifter og innhaldet i spesialistutdanninga under revisjon som skal formulera nye læringsmål for alle spesialitetane og for turnustenesta (legar i spesialisering del 1). Det blir introdusert nye felles kompetansemodular som gjeld for alle spesialitetar. Rettleiing og supervisjon av legar i spesialisering skal særskilt styrkast.

Parallelt med endringane knytt til struktur og innhald er det forhandla fram tariffavtalar mellom DNLF og Spekter om overgang til fast tilsetjing av LIS med verknad frå 01.07.15.

I brev frå HOD, 17.12.15 vert følgjande spesifisert: «*Spesialiseringen skjer i første rekke i praksisfeltet – større ansvar legges derfor til tjenesten for å styrke kvaliteten.*» Regionsjukehusa er difor tillagt oppgåver (gitt som oppdrag frå RHF) knytt til å:

«utvikle og gjennomføre læringsaktiviteter innenfor teori og klinisk praksis, i samarbeid med relevante aktører, som universitetssykehus og evt andre helseforetak i egen og andre regioner, universitet, m. fl.».

Regionalt utdanningscenter

For å sikre læringsaktiviteter og andre oppgåver i ny ordning for legespesialistutdanninga skal det etablerast eit regionalt utdanningscenter i kvar av dei fire helseregionane. Helse Bergen er i styringsdokumentet for 2016 tildelt oppgåva for føretaksgruppa Helse Vest:

«Etablere eit regionalt utdanningscenter for å ivareta læringsaktivitetar og andre oppgåver i ny ordning for legane si spesialistutdanning. Det regionale utdanningscenteret skal mobilisere, motivere og legge til rette for at dei andre helseføretaka skal bidra med kunnskap og kapasitet som er tilgjengeleg, og som kan nyttast.»

Senteret skal ivareta regionale funksjonar/oppgåver. I brev 17.12.2015 presiserte HOD kva oppgåver det her er snakk om – sjå oppsummering i vedlegg 2.

I samsvar med brev frå HOD 17.12.15 vil det regionale utdanningscenteret mellom anna ha følgjande hovudoppgåver:

- Ivareta koordinering og kvalitetssikring av teoretiske og praktiske læringsaktiviteter knytt til dei ulike spesialitetane, LIS1 og felles kompetansemøduler
- Inngå i system for å ivareta nasjonal samordning av læringsaktiviteter
- Ansvar for at rettleiing og supervisjon av LIS må gjennomførast i tråd med dei retningslinjer som er fastsett av Helsedirektoratet, inkludert rettleiaropplæring
- Sikre heilskaplege utdanningsløp

Desse oppgåvene krev tett samarbeid i føretaksgruppa Helse Vest på tvers av helseføretaka/avdelingane/klinikkane, nasjonale fagmiljø (spesialitetskomiteane), dei andre regionale utdanningscentera og myndigheiter. Helse Bergen kan be om at universiteta bidrar med oppgåver innan vidare- og etterutdanning, finansiert som oppdrag. Universiteta har inga formell rolle i den nye spesialistutdanninga utover oppdrag som blir tildelt frå føretaksgruppa Helse Vest. Ein ynskjer eit tett samarbeid både med universiteta i regionen, kommunane- og fylkeskommunane og eventuelt private aktørar som kan ta del i delar spesialistutdanninga. Dette må nedfellast i samarbeidsavtaler og i relevante samarbeidsorgan.

Tverregional koordinering

Som en oppfølging av endringane beskrive over, vart det i januar 2016 etablert eit nasjonalt prosjekt for å sikre ei nasjonal, samordna spesialistutdanning. I prosjektet inngår avklaringar knytt til;

- finansiering og avtalefesting av ny ordning (blir leia av Helse Midt)
- IKT- og kommunikasjonsstøtte for LIS-utdanningsprosessane (blir leia av Helse Sør-Aust)

- Utarbeiding av heilskapelege utdanningsløp, inkl. bruk av simulering og e-læring (blir leia av Helse Vest)
- System for utdanningsløp regionalt og tverrregionalt inkl. overgangsordningar (blir leia av Helse Nord)

Helse Bergen har ei sentral rolle i dei nasjonale prosjekta og det er etablert ei lokal prosjektgruppe for å sikre felles regional tilslutning og utforming av alle nødvendige tiltak for føretaksgruppa Helse Vest. Det regionale prosjektet skal bidra til god samordning, utnytting av kompetanse og kapasitet som er tilgjengeleg i føretaksgruppa Helse Vest som god førebuing til iverksetting av ny spesialistutdanning i føretaksgruppa. Felles interregionalt prosjektet skal levere sine anbefalingar juni 2016. Desse vil ha stor betydning for den vidare innrettinga av utdanningsssenteret. I tillegg inviterer HOD til prosessar og avklaringar med dei regionale helseføretaka for viktige premissar som skal bli del av endelege føresetnadar for ny spesialistutdanning.

Endringane i spesialistutdanninga vil tre i kraft først for legar i spesialisering del 1 september 2017, (LIS1), deretter vil dei legar i spesialisering som startar fase 2, (LIS2) ha oppstart i 2019.

Kommentarar

Helseføretaka har utdanning som ei av sine fire hovudoppgåver. Fram til i dag har utdanningsoppgåvene i stor grad blitt løyst avdelingsvis og gjennom nært samarbeid mellom spesialistar ved de ulike føretaka og i tett samarbeid med spesialistkomiteane som har vore tillagt Den Norske Legeforening. Dei viktigaste læringsaktivitetane i spesialistutdanninga skal fortsatt vere forankra i dagleg klinisk teneste ved avdelingane. Dette betyr at fagmiljøa ved avdelingane framleis skal ha viktige oppgåver og ansvar for spesialistutdanning. Arbeidsgjevar vil vera det einskilde helseføretak, og utdanningsløp som er nødvendig mellom helseføretaka skal være organisatorisk forpliktande. Arbeidsavtalar og ordningar som regulerer dette er etablert. Det vil og være heilt avgjerande at fagmiljøa har god planlegging mellom helseføretaka i føretaksgruppa Helse Vest, og for nokre fag også nær planlegging og gjennomføring av delar av spesialiseringa ved sjukehus i andre regionar. Den kompetansen og dei erfaringane som legane og avdelingane har, skal takast vare på i den vidare omlegginga og sikrast slik at også det regionale utdanningsssenteret får ein hensiktsmessig innretning og kapasitet.

Regionalt utdanningsssenter skal samarbeida tett med ei rekkje aktørar. Gode samarbeidsrelasjonar, avtaleverk og kontaktflater vil utgjere eit viktig utgangspunkt for senteret sin koordinerande rolle. Det vil vere behov for å tydeleggjere utdanningsssenteret si rolle og samarbeidsform i føretaksgruppa Helse Vest/helseføretaka, deira ulike klinikkar/avdelingar, utdanningsutval og utdanningsansvarlige, personal- og organisasjonseiningane i helseføretaka. Det er vidare viktig å gå opp rolle, ansvar og

samarbeidsform med universiteta, spesialitetskomiteane og dei tre andre regionale utdanningssentra.

Omlegginga av spesialistutdanninga vil bli innført stegvis. I første omgang vil det vere viktig at det regionale utdanningscenteret ser til at dei nye elementa i spesialistutdanninga blir tekne hand om. I hovudsak gjeld dette dei nye felles kompetansemodulane og etablering av nye krav til rettleiinga av LIS. Det bør derneft lagast ein plan for når og korleis dei andre oppgåvene som i dag blir handsama av Den norske Legeforeining smidig kan overførast til utdanningscenteret.

Etablering av utdanningscenter

For å sikre eit godt forankra konsept for utdanningscenteret i Helse Vest er arbeidet med å etablere centeret prosjektorganisert der alle helseføretaka i føretaksgruppa Helse Vest er involvert. Det regionale prosjektet rapporterer til fagdirektør og Personal- og organisasjonsdirektør i Helse Vest. Dei som inngår i prosjektet er også involvert i det tverrregionale prosjektet. Forslag til mandat er vedlagt.

Ressursar

Det regionale utdanningscenteret for føretaksgruppa Helse Vest bør byggjast opp som eit robust fagmiljø som kan ivareta koordinerande oppgåver, og som har ein faglig profil som sikrar at dei skisserte oppgåvene kan overførast til dei regionale helseføretaka. Oppgåvene vil krevje både medisinsk-, pedagogisk- og logistikk/merkantil kompetanse. I etableringsfasen vil det vere behov for 1,5 årsverk til centeret. Vidare ressursbehov må avklarast som del av prosjektet sitt mandat. Dei eksisterande ressursane der arbeidsprosessar er støtta av Kompetanseportalen og Læringsportalen skal ha tett knyting til utdanningscenteret.

Dei økonomiske rammene kring ny spesialiststruktur er ikkje endeleg avklart. Det er høg risiko for at kostnadene ved omlegginga kan bli betydelege. Dette er varsla i ulike prosessar undervegs i arbeidet med ny spesialiststruktur. Etter kvart som fleire element blir fastsatt vil kostnads- og prosessendringane bli nærare avklart.

Vedlegg

1. Brev fra HOD, 17.12.15: Legenes spesialitetsstruktur og spesialistutdanning – roller, ansvar og oppgaver i ny ordning
2. Mandat for prosjekt etablering av regionalt utdanningscenter i Helse Vest